



NORDFJORD KJØTT AS
Lovikvegen 32
6789 Loen

Sakshandsamar::
Grete Hamre

Rapport etter tilsyn ved Nordfjord Kjøtt AS

Kontrollnummer: 2021.020.I.SFVL

Kontaktpersonar ved tilsynet:

Frå verksemda:
Randi Støyva
Marita Fonn
Arne Sakshaug (Skala AS)

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Grete Hamre
Anette Heggøy

Resultat frå tilsynet

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsynet ved Nordfjord Kjøtt AS 28.10.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren avdekka 3 avvik og ga 1 merknad under tilsynet.

Avvik:

- Verksemda har manglar knytte til miljømål i internkontrollen for ytre miljø
- Verksemda har manglar knytte til substitusjonsvurdering av kjemikal
- Verksemda har ikkje oversikt over alle prosessavløpsstraumar og overløpsmengder knytte til reinseanlegget.

Merknad:

- Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle relevante område og fysiske installasjonar.

Avvika og merkna den er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter tilsynet er nærare omtalt på side 2.

Anette Heggøy
overingeniør

Grete Hamre
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Stryn kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NORDFJORD KJØTT AS	
Organisasjonsnr.: 973169327	Eigd av: 981682912
Bransjenr. (NACE-kode): 10.130 - Produksjon av kjøtt- og fjørfevarer	

Kontrollert eining

Namn: Nordfjord Kjøtt AS	Anleggsnr.: 4651.0005.01
Kommune: Stryn	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling	
Løyve gitt: 7. september 1995	Sist endra: 16. februar 2012

2. Bakgrunn for tilsynet

Tilsynet vart gjennomført for å kontrollere om verksemda held krava som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova. Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for 2021.

Tilsystema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under tilsynet. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter tilsynet

Nordfjord Kjøtt AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd og seinast innan 20.02.2022. Statsforvaltaren føreset at tilhøva vert retta opp slik at

verksemda vert driven i samsvar med krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrolllova §§ 3 og 3a.

4. Vedtak om gebyr

Verksemder skal betale gebyr for tilsyn utførte av Statsforvaltaren. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Gebyrsatsar for tilsyn med verksemder etter forureiningslova er fastsette i kapittel 39 i forureiningsforskrifta.

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda i e-post datert 21.10.2021.

Ut frå forventa ressursbruk må Nordfjord Kjøtt AS betale eit gebyr på kr 20 300,- for tilsynet, jf. § 39-3 i forureiningsforskrifta. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven. Han må vere adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1

Verksemda har manglar knytte til miljømål i internkontrollen for ytre miljø

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, andre ledd, punkt 4.

Kommentar til regelverket:

Internkontrollen skal vere tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik i eit slikt omfang som er naudsynt for å kunne etterleve krava i, eller med heimel i helse- miljø- og tryggleikslovgivinga, jf. § 5 ande ledd, punkt 1-8. Han skal vere eit verktøy for å sikre at verksemda kjenner til kva regelverk som gjeld for dei ulike aktivitetane som går føre seg ved anlegget, og at dei rutinane som skal til for å sikre at verksemda held krava som er sette i regelverket, er på plass. Han skal også medverke til systematisk forbetring og til

gjennomføring av naudsynte tiltak. Internkontrollen skal med dette vere med på å betre verksemda sitt arbeid med å verne det ytre miljøet mot forureining og å sikre ei betre handtering av avfall. Arbeidet skal dokumenterast skriftleg for punkta 4-8.

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 4 i, skal verksemda fastsetje mål for ytre miljø.

Vi har observert at:

Verksemda har utarbeidd nokre overordna mål for ytre miljø. Det kan vere vanskeleg å styre verksemda sitt miljøarbeid etter slike overordna og litt diffuse mål. Verksemda har nokre konkrete mål «her og der» (t.d. konkrete måltal for energistyring), men desse måla er i utgangspunktet ikkje fastsette som miljømål, men heller som tiltak for å spare energi og utgifter. Vi saknar ein systematisk gjennomgang av prosessar og aktivitetar for å identifisere konkrete styringsparametrar og mål for ytre miljø.

Gode mål er ein viktig føresetnad for gode planar og aktivitetar, og dei bør vere så konkrete som mogleg. Samstundes er det viktig at verksemda også set seg meir overordna mål. Fastsetjing av målbare mål og evaluering av måloppnåing bør vere tema på leiarmøte.

Ein hugseregul for å kunne utforme gode mål er at dei skal vere SMARTE:

- **Spesifikke** – t.d. målt per tonn produsert eller mengd ressurs som er forbrukt
- **Målbare** – kunne dokumentere at måla vert nådde
- **Ambisiøse** – noko å strekke seg etter
- **Realistiske** – må ha tru på at måla kan nåast
- **Tidfesta** – fastsetjing av når dei skal vere oppnådde
- **Enkle** – lette å hugse

Avvik 2

Verksemda har manglar knytte til substitusjonsvurdering av kjemikal

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7 og produktkontrollova § 3a

Kommentar til regelverket:

Internkontrollforskrifta seier at verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsette i eller med heimel i helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga. Slike rutinar skal dokumenterast skriftleg.

§ 3a i produktkontrollova seier at verksemdar som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Vi har observert at:

Verksemda har ikkje utarbeidd ei eiga rutine for substitusjonsvurdering og har heller ikkje gjennomført ei systematisk substitusjonsvurdering av dei farlege kjemikala som vert nytta ved anlegget.

Verksemnda har sjølve gjennomført ei eiga substitusjonsvurdering av smørjemiddel for å sikre at desse er godkjende til bruk i næringsmiddelindustrien.

Det er også skifta ut kjemikal knytte til reinseanlegget for å betre arbeidstilhøva for dei tilsette. Vaskemiddelleverandøren har sendt over sine rutinar for substitusjon. Leverandøren skal også ha utarbeidd årlege rapportar som gjeld substitusjon av vaskekjemikal, men verksemnda har ikkje fått kopi av desse rapportane. Uansett er leverandøren si substitusjonsvurdering av generell karakter og kanskje ikkje tilpassa korleis dei enkelte kjemikala vert brukte ved anlegget.

Ei substitusjonsvurdering bør gjennomførast i samsvar med følgjande sju trinn:

- Skaffe informasjon om dei eksisterande kjemikala
- Gjere ei prioritering av tiltak
- Undersøkje om det finst alternativ
- Vurdere kva risiko dei ulike alternativa fører med seg
- Samanlikne risikoen som alternativa representerer
- Substituere
- Følgje utviklinga og vurdere med jamne mellomrom

Avvik 3

Verksemnda har ikkje oversikt over alle prosessavløpsstraumar og overløpsmengder knytte til reinseanlegget.

Avvik frå:

Utsleppsløyvet, vilkår 2.1

Kommentarar:

I følgje vilkår 2.1 i utsleppsløyvet har verksemnda plikt til å redusere forureining så langt som mogleg. All forureining frå verksemnda er i utgangspunktet uønskt. For å avgrense forureining og for å kunne oppnå ei best mogleg avfallshandtering, må verksemnda arbeide kontinuerleg for å hindre at forureining oppstår eller aukar. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemnda å redusere utsleppa så langt som råd.

Vi har observert

Verksemnda kunne ikkje gjere greie for korleis vassmengdene inn på reinseanlegget samsvarar med den dimensjonerande hydrauliske kapasiteten på anlegget.

Verksemnda varslar kommunen ved driftsproblem og vedlikehald, t.d. utskifting av pumper som kan føre til utslepp av ureinsa overløp, men verksemnda har ikkje oversikt over kor store mengder overløp som vert leia ureinsa til kommunen sitt reinseanlegg. Stryn kommune skal i ein periode ha gjennomført målingar av overløpet, og dei har også teke prøver ved innløpet. Verksemnda opplyste at de ikkje kjende til resultatata frå desse målingane.

Når det gjeld planlegging av framtidig reinsing og eventuelle endringar i reinseprosessar ved anlegget, er det viktig at verksemnda har eit godt samarbeid med kommunen og har oversikt over kva kommunen planlegg for sine anlegg. Vil det til dømes ver aktuelt med påslepp til kommunalt anlegg i framtida, og kva krav vil i tilfelle kommunen stille til framtidige påslepp?.

Det er viktig at verksemda samkøyrer si forreinsing av prosessavløpsvatnet med kommunen sitt reinseanlegg. Dette vil også vere ein føresetnad for å kunne tilfredsstille dei strenge utsleppsgrensene i BAT-konklusjonane jf. merknad under punkt 8 «Andre tilhøve».

7. Merknader

Vi gav følgjande merknad under inspeksjonen:

Merknad

Miljørisikovurderinga omfattar ikkje alle relevante område og fysiske installasjonar ved anlegget.

Kommentarar:

Verksemda skal gjennomføre ei miljørisikovurdering av aktivitetane sine, jf. internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6. Miljørisikovurderinga skal kartlegge farar og problem som kan oppstå og som kan ha verknad på det ytre miljøet. Ut frå resultatene av kartlegginga skal verksemda vurdere risiko, og det skal utarbeidast handlingsplanar og tiltak for å redusere risikotilhøva. Verksemda skal også ha oversikt over kva utslepp som kan føre til akutt forureining, kva miljøressursar som kan verte råka og kva helse- og miljøutfordringar slik forureining kan føre til. Risikovurderinga som gjeld ytre miljø, skal vere dokumentert.

Verksemda har gjennomført ei overordna kartlegging av uønskete hendingar og tilstandar ved ulike avdelingar, jf. «Skjema 1» i dokumentasjon tilsend i etterkant av tilsynet. Aktuelle uønskete hendingar er vidareførte til risikovurdering i «Skjema 2». Verksemda har i tillegg gjennomført risikovurderingar ut frå kartlagde truslar knytte til m.a. søppelhandtering og handtering av avløp og kva desse kan få å seie både for forbrukarane og verksemda.

Verksemda har risikovurdert vaske- og desinfeksjonsmiddel ut frå merking, eigenskapar, bruksområde og plassering. Det er også utarbeidd eigen risikovurdering med handlingsplan for ammoniakkanlegga.

Verksemda har sendt over eit dokument «Miljørisikoanalyse ved Nordfjord Kjøtt AS.» Dette dokumentet skildrar m.a. kva miljøutfordringar verksemda meiner dei står overfor, både inne og ute, og kva avbøtande tiltak som er sette i verk. Med bakgrunn i sannsyn, konsekvens og vedtekne akseptkriterium bør verksemda i tillegg også vurdere kor stor miljørisiko kvart punkt representerer.

Det er nokre fleire område vi meiner bør vere med i miljørisikovurderinga. Dette kan vere fare for forureining frå m.a.:

- Reinseanlegget/ kartlegging av utsleppskritisk utstyr
- Blodtank
- Støytbelastning av utslepp
- Sluk og overvasskummar, røyrsystem/ventilar som står utsette til for skade eller feilstilling
- Overløp (i prosess før reinseanlegg og før prøveuttak)
- Bruk av underleverandørar (kjemikaliebruk, avfall, støy utslepp)
- Endringar i produksjonen (prosess, utstyr, råstoff, bruk av kjemikal, reinseanlegg)



8. Andre tilhøve

- Verksemda arbeider med alternative måtar for drift av reinseanlegget og har fått hjelp frå Skala AS (tidlegare Landteknikk) til optimalisering av reinseprosessane.
- Verksemda vurderer m.a. å avvatne og fjerne slam etter biotrinnet i staden for å føre det tilbake til Salsnesfilteret før bioreinseanlegget. Dette tiltaket vil kunne redusere mengd suspendert stoff i prosessavløpsvatnet som går via filteret og vidare gjennom biotrinnet.
- Verksemda brukar ikkje lenger Polymer som flokkuleringsmiddel sidan restar av Polymer tettar silar og filter i reinseanlegget.
- Verksemda bør samordne planar med Stryn kommune slik at reinseløysingane vert tilpassa det kommunale avløpsreinsanlegget.
- Verksemda har utsleppsløyve etter forureiningslova frå 2012. I samband med revidert BAT Referansedokument (BREF) for næringsmiddelindustri og dei vedtekne BAT-konklusjonane, vart det fastsett bindande utsleppsgrenser (BAT-AEL) for direkte utslepp til vatn. I utgangspunktet skal BAT-AEL-krava haldast der utsleppet forlét verksemda, men sidan verksemda har påslepp til kommunalt reinseanlegg (indirekte utslepp) kan det ved fastsetjing av utsleppsgrenser i løyvet, takast omsyn til reinseeffekten ved det kommunale reinseanlegget. Føresetnaden er då at miljøet totalt sett vert verna i same grad som ved direkte utslepp. Dersom kommunen sitt reinseanlegg ikkje bidreg nok til at krava vert haldne, må verksemda sjølv stå for tilstrekkeleg reinsing (sjå også avvik 3). Utsleppsgrensene i løyvet må vere tilpassa desse nye krava innan 4. desember 2023. Statsforvaltaren vil gå gjennom løyvet og eventuelt varsle endring dersom gjeldande vilkår ikkje stettar dei nye utsleppskrava.
- Tenden Miljø AS deklarerer farleg avfall for verksemda. Dei hentar avfallet etter avtale.
- Verksemda har ikkje lenger oljeutskiljar. Denne vart fjerna då verksemda slutta å nytte eigne bilar til transport og dermed ikkje lenger må vaske bilar, noko som kan føre til utslepp av olje.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifte)

Brosjyrar/info-ark som vart utdelte eller ettersende:

- Substitusjonsplikta (M104/2014)
- Rettleiing om substitusjonsplikta (TA-1715/2000)
- BREF-dokument Food, Drink and Milk (FDM)
- Tabellar frå BAT-konklusjonane for FDM (BAT 4 og BAT 12)